

RAUMA KOMMUNE
SAKSPAPIR I DELEGASJONSSAK

Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saknr	Saksbehandler
Fullmaktsvedtak planutvalg	26.07.2010	037/10	BRG

Saksansvarlig Brit Grønmyr	Arkiv: K2-K01 Objekt:	Arkivsaknr 09/2455
--------------------------------------	--	------------------------------

**SØKNAD OM MOTORFERDSEL I UTMARK I SAMBAND MED GJENOPPRETTING
AV HYTTETOMT PÅ TUNGA - PER-IVAR AAK**

Vedlegg:

Søknad frå Aak
Plan for gjenoppretting

Saksutredning:

I planutvalgssak 116/09 vart det endeleg avslag på endringane ut over byggjeløyve og endringar av terrenget rundt hytte på Tunga 82/11. Det vart der stilt krav til at det skulle kome ein plan for tilbakeføring, og det førelegg no ein slik. Til dette trengst det bruk av motorkøyrety, både til gjenoppretting og samtidig til tilføring av masse. Lars Fransplass skal gjennomføre opprettinga.

Mengda av masse, til topplag for tilsåing, blir vurdert som så liten at den ikkje er søknadspliktig. Denne saka omhandlar derfor berre motorferdsel etter vegen over Tunga samt nødvendig motorferdsel i området rundt hytta for gjenopprettinga.

Over Tunga er ferdsel med motorkøyrety i utgangspunktet forbode . Forvaltningsmyndigheita kan etter søknad gi løyve til transport av materialar, brensel og utstyr til hytter, buer og setrer, jfr. § 3-5 .3 d) i forskrift for Romsdalen landskapsvernområde. Dette vil da ikkje vera eit løyve til persontransport, men det er ikkje noko i vegen for å ta med personar dersom dette ikkje fører til at det må køyrast fleire turar.

I søknaden er ikkje tidsbruken på gjenopprettinga vurdert, men Forvaltningsplanen for Reinheimen pkt 7.7 er det sett ei avgrensing på 1-3 turar per år på barmark.

Naturmangfoldloven § 48 har erstatta den generelle unntaksparagrafen (§ 4) i verneforskriftene. Prinsippa i §§ 8 – 12 i Naturmangfoldloven skal derfor brukast i denne vurderinga av saka.

Rauma kommune har vurdert tiltakets moglege forstyrning av verneverdiane som på den positive sida da det er tal om tilbakeføring av eit inngrep (jfr § 8 Kunnskapsgrunnlaget). Tiltaket vil vera på eit begrensa område og vi har relativt god kontroll over kva tiltak som skal gjennomførast (jfr plan), så vi treng ikkje å benytte oss av føre-var-prinsippet (jfr §9 Føre-var-prinsippet). Ein kan anta at ein får eit avgrensa antal av saker av denne typen, men ein kan få tilfelle med mindre inngrep i samband med eventuelle utvidingar av hytter i medhald av Forvaltningsplanen. Det er ingen søknader til handsaming per i dag (jfr. § 10 økosystemtilnærming og samla belastning). Kostnadane av gjenopprettinga blir boren av

tiltakshavar (jfr §11 Kostnadane ved miljøforringelsen skkal bærast av tiltakshavar). Kommunen reknar med at ei skånsom og enkel tilbakeføring er den mest effektive metoden og den som fører til minst skade knytt til verneformålet (jfr § 12 Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder).

Motorferdsel i utmark er i utgangspunktet forbode etter Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §3. Løyve for dette spesielle formålet kan gjevast med heimel i §6 i den same lova, utdjupa av den kommunale forskrifta for motorferdsel i utmark § 4:

Kommunen kan gi tillatelse til nødvendig bruk av egnet kjøretøy etter eksisterende kjørespor/traktorveier. Kommunen kan gi tillatelse til framkjøring av gravemaskin, for nødvendig grunnarbeid, også utenom eksisterende kjørespor/traktorveier. Transportbehovet skal avveies mot de skader og ulemper ferdsele vil medføre.

For transportbehov utover dette henvises det til bruk av snøscooter eller helikopter.

Brev frå DN datert 26.11.2009 bekreftar Planutvalgsvedtak 116/09 om tilbakeføring av tiltak ut over byggjeløyve. Løyve i tråd med plan for gjenoppetting blir sett på som nødvendig for gjennomføring av dette.

VEDTAK:

I medhald av § 3-5 .3 d) i forskrift for Romsdalen landskapsvernområde får Per-Ivar Aak løyve til motorisert ferdsele for bruk av motorkjørety fram til eiga hytte. I medhald av §48 i Naturmangfoldloven og §6 i lov om motorferdsel i utmark og kommunalt regelverk for Rauma §4 for motorferdsel i området rundt hytta i samband med gjenoppettinga.

Som vilkår for løyvet gjeld dette:

- Løyvet gjeld for nødvendig motorferdsel i samband med gjenoppetting i tråd med vedlagt plan datert 17.8.2010
- Løyvet gjeld for inntil tre turar tur-retur. Det blir sett på som ein fordel at talet på turar blir lavast mogleg.
- Løyvet skal takast med og visast fram til oppsyn/politi eller andre når det blir krevd.
- Ved bruk av motorkjørety på vegen over Tunga skal det førast køyrebok. Løyvet og køyrebok skal oppbevarast saman med vognkortet på kjøretyet, og visast fram til oppsyn/politi eller andre når det blir krevd. Køyreboka skal sendast til Rauma kommune innan 15.12.2010. Motorferdsel over Tunga er begrensa til perioden 15.05-01.12.
- Løyvet gjeld for 2010

Motorferdsel skal foregå aktsomt og hensynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og menneske. Generelt oppmodar vi om å unngå motorisert ferdsele i helger og høgtider.

Løyvet avgrensar ikkje grunneigaren sin rett til å nekte motorferdsel på eigen grunn. Innehavaren av løyvet må sjølv innhente samtykke frå grunneigar. Brot på vilkår, forskrifter eller lover vil medføre inndraging av løyvet og eventuelt straffeansvar.

Rett utskrift bekrefte

«Sbr_Navn»

«Sbr_Tittel»

Direkte tlf. «Sbr_Tlf»

